

REFERAT FRÅ KYRKJELYDENS ÅRSMØTE, LEVELD, TORPO OG ÅL SOKN - 22.3.2023

på Actif Hotell, Votndalen

Det var 16 frammøtte (heile soknerådet, dvs 9 personar; dei andre kom frå Ål og Nordbygdene).

Årsmeldingar

Årsmelding for Leveld, Torpo og Ål sokn vart delt ut på årsmøtet. Elin E. Tveito på kyrkjekontoret hadde kopiert opp og laga ein oversiktleg og fin trykksak som ho fekk mykje skryt for.

Leiar i soknerådet, Einar Brattegard, las opp årsmeldinga frå soknerådet. Ingen hadde merknader til denne.

Brattegard kommenterte sjølv årsmeldinga og framheva to forhold som han var stolt av og som viser at kyrkja er aktuell: Fakketoget for Ukraina etter den russiske invasjonen, og regnbogemessa søndag 30. oktober i samband med Pride i Hallingdal.

Sokneprest Geir Wiknes gjorde greie for årsmeldinga frå prestetenesta. Han vart innsett i stillinga søndag 20. februar etter at Vigdis Moen Storhaug hadde blitt pensjonist. Wiknes framheva også fakketoget for Ukraina, regnbogemessa og nyskapingen «Vi syng og spelar jula inn» som viktige hendingar for kyrkja. Fjoråret har vore prega av at fleire i staben har vore nye. Wiknes fekk fleire spørsmål om nyorganiseringa av kyrkja som vil skje i neste valperiode.

Møtelyden bladde fort gjennom dei andre årsmeldingane. Men eitt viktig moment kom fram: Ål diakoninemnd har skrive ei fyldig årsmelding som vitnar om stor og god aktivitet. Også Nordbygdene og Torpo har sine diakoninemnder, men årsmeldingane herifrå manglar. Desse årsmeldingane må skrivast og sendast til Elin på kyrkjekontoret som legg dei inn som del av årsmeldingane frå Leveld, Torpo og Ål sokn.

Rekneskap

Hovudtrekk i rekneskapa vart kommentert av Torfinn Slåtto for Leveld, Birger Bolstad for Torpo, og Einar Brattegard for Ål. Det var ingen innspel eller spørsmål til dette.

Statistikk

Soknepresten kommenterte den kyrkjelege statistikken som alltid er interessant lesnad. - Tala fortel ei sanning, men ikkje heile sanninga, sa han. Restriksjonane etter pandemien vart oppheva i februar, men det tek ei stund før situasjonen normaliserer seg.

Det er ein klar tendens i statistikken at pilene peikar nedover. Nokre brattare enn andre. Me skulle gjerne sett at gudstenestene hadde fleire deltakarar både på «vanlege» sundagar og i høgtidene, sa Wiknes.

Han understreka elles at det ikkje er mange gudstenester som er tilrettelagt for ungdom eller born. På dette punktet har me ei utfordring til vidare arbeid. Det gjeld også dei låge dåpstala. Berre vel halvparten av årskullet konfirmerer seg; det er 80 prosent av dei døypte.

Ein av møtedeltakarane syntest det kan gå vel lang tid mellom kvar gudsteneste i Leveld kyrkje (sjølv om det kan vera gudstenester i Vats fjellkyrkje). Sokneprest og sokneråd må vurdere dette.

Ny kyrkjeverje

Trond Augunet (55) er vår nye kyrkjeverje som tok til i stillinga 18. mai. Birger Bolstad intervjuar han. Augunet er frå Karmøy, men reknar seg som halling. Han kom til garden Augunet i Hovet for 31 år sidan, er gift med Gro og har to vaksne døtrer. Han har utdanning innan offentleg forvaltning og

administrasjon, og har tidlegare arbeidd i skatteetaten, Hallingdal Økonomiservice og i Hol kommune. Augunet var til dømes leiar i den krevjande plan- og utviklingsavdelinga før han slutta. Augunet fortalde om arbeidsoppgåvene han har som kyrkjevevjerje, kor spennande denne jobben er, men også dei store utfordringane som kyrkja står overfor i dag. Han har blant anna sett i gang ein viktig prosess om Strategiarbeid for kyrkja i Ål fram til 2035. Skal ein få gjennomført ting, må ein ha gode planar.

Me er heldige som har fått Augunet som kyrkjevevjerje!

Andakt – og konfirmanttur

Sokneprest Geir Wiknes minna oss på at komande sundag er Maria bodskapsdag; den er ein av høgtidsdagane i kyrkja, også kjent som Marimesse.

Maria bodskapsdag markerer hendinga som er omtala i Lukas-evangeliet 1. kapittel versa 26-56, då erkeengelen Gabriel kom til jomfru Maria og varsla om Jesu fødsel som altså skulle skje ni månader seinare.

Med dette som bakteppe fortalde Wiknes at konfirmantane i Ål denne helga skulle på fellestur til Bergen, saman oppleve byen, Fløyen – og sjølv sagt den storslåtte Mariakyrkja.

Sokneprest Geir Wiknes avslutta årsmøte med å lyse velsigninga.

Birger Bolstad
Skrivar
23.3.2023